

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Svar frå utvalsløiar:

I svaret til Andersland tar eg utgangspunkt i regionale kulturarenaer / kulturbygg som har søkt om støtte frå Vestland fylkeskommune i 2020. Søknader som har kome inn til Sogn og Fjordane eller Hordaland fylkeskommune tidlegare år, er ikkje tatt med i oversikta.

Det var tre regionale kulturbygg som søkte om støtte via tilskot til kulturbygg våren 2020. Denne ordninga er finansiert med spelemidlar, og støtta blir tildelt etter vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Her er dei tre prosjekta med oversyn over tildelt offentleg finansiering:

Søklar / prosjekt	Totalt budsjett	Løyvd frå kommune	Løyvd frå fylkeskomm.	Løyvd frå stat
Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum, modernisering	24,2 mill.	1,5 mill.	0	8,65 mill. *
Førdehuset, søknad om tilskot til heis	1 207 500.	820 000	0	0
Sogndal kulturhus, nytt kulturareal	8 913 437	61 38 437	2 025 000**	0

\* 6 mill. kr frå KUD, statlege kulturbygg (2020/21), 2 mill. kr frå KUD, gåveforsterkningsmidlar (stipulert), 650 000 kr frå Kulturrådet, sikringsmidlar.

\*\* 750 000 kr løyvd i spelemidlar av Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019 og tilsvarande i Vestland fylkeskommune i 2020. Restmidlane til prosjektet har fylkeskommunen plikt på seg til å løyve frå spelemidlane ved seinare tildelingsrundar.

Vestland fylkeskommune lyste hausten 2020 ut ei ny tilskotsordning til kulturarenaer med regionale funksjonar. Her er oversyn over dei åtte kulturarenaene som søkte på ordninga, saman med innvilga tilskot frå det offentlege:

Søklar / prosjekt	Totalt budsjett	Løyvd frå kommunar	Løyvd frå fylkeskomm.	Løyvd frå stat
Sunnhordland museum, "Nye Sunnhordlandstunet"	61 414 977		5 886 000*	15,2 mill.**
Fartein Valen Musikk- og Kulturscene	2,8 mill.			140 000***
Kvam herad, Kulturhus i Kvam	101,1 mill.			
Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum, modernisering	24,2 mill.	1,5 mill.	0	8,65 mill. ****
Stiftinga Hardanger og Voss museum, Kulturnaustet, Hardanger fartøyvernsenter (del av «Tett på»)	58 834 311 (Kulturnaust) 100 mill. (Tett på)	7,1 mill. *****	5,2 mill *****	2 802 000 *****
Stiftinga musea i Sogn og Fjordane, Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta	32 800 000	10 mill. *****		
Askøy brass band, Askøy kulturarena	24 mill.			
Moster amfi- og kyrkjehistoriske senter a/s	2 957 062	1,1 mill *****		

\* Tildelt av Hordaland fylkeskommune, 4 mill. kr i 2014 og 1 886 000 kr i 2015 frå tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

\*\* Tildelt frå KUD, nasjonale kulturbygg: 5 mill. kr i 2020, 5,8 mill kr i 2021 og med lovnad om 4,4 mill. kr seinare budsjettår.

\*\*\* Prosjekteringsmidlar frå KUD, omdisponert frå tidlegare prosjekt.

\*\*\*\* 6 mill. kr frå KUD, statlege kulturbygg (2020/21), 2 mill. kr frå KUD, gåveforsterkningsmidlar (stipulert), 650 000 kr frå Kulturrådet, sikringsmidlar.

\*\*\*\* Tildelt 5 mill. i investeringsmidlar og 2,1 mill. i koronamidlar frå Kvam Herad til hovudprosjektet «Tett på» (Kulturnaustet er del av dette prosjektet).

\*\*\*\*\* Tildelt 700 000 kr av Hordaland fylkeskommune i 2018 frå tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. I tillegg er det løyvd 3,5 mill. kr frå museumsløft via Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 og 1 mill. kr i kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift frå Hordaland fylkeskommune i 2016 til hovudprosjektet «Tett på».

\*\*\*\*\* Tildelt 500 000 kr frå KUD i gåveforsterkningsmidlar og 2 302 000 kr i investeringstilskot frå Riksantikvaren til hovudprosjektet «Tett på».

\*\*\*\*\* Gloppen kommune gjorde i 2019 vedtak om garanti til prosjektet på inntil 10 mill. kr, under føresetnad av godkjenning i Kulturdept.

\*\*\*\*\* Løyving frå Bømlo kommune på 1,1 mill. kr til oppgradering.

Utvalsleiar ser at Vestland fylkeskommune har ei utfordring knytt til finansiering av kulturbygg, og spesielt dei større, regionale kulturarenaene. Listene ovanfor viser at det er store behov for investeringar.

Samtidig ser vi at den spelemiddelfinansierte desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg har lite midlar samanlikna med behova. Denne ordninga er dessutan avgjerande for at spelemidlar kan tildelast lokale og viktige kulturhus, til dømes lagseide kulturhus, der spelemidlar løyser ut stor dugnadsinnsats. Det er viktig at Vestland fylkeskommune medverkar til å oppretthalde tilskotet av spelemidlar også til denne delen av kulturlivet.